



Med ønskje om innspel:

Langtidsprogram for Noregs Ungdomslag 2023-2030

På landsmøtet 22.-24. april 2022 skal me vedta nytt langtidsprogram, då det gjeldande programmet tek slutt ved utgangen av 2022. Styret sette i juni 2021 ned eit utval som skal jobbe med nytt framlegg til langtidsprogram. Utvalet skal sende ut sitt framlegg til langtidsprogram i januar 2022. Fram til det ønskjer utvalet innspel, tankar og formuleringar tilsendt frå medlemmar, lokallag og fylkeslag.

- Organisasjonen er i endring. Korleis ser NU ut om åtte år?
- Temaene i langtidsprogrammet vil definere kva NU skal prioritere dei neste åtte åra. Kva tenker du – er dette dei fem riktige temaene?
- Me skal formulere fleire ambisjonar under kvart tema. Kva ambisjonar tenker du bør vere med?

Alle innspel skal sendast direkte til mona@ungdomslag.no innan 16. januar 2022.

Tidlegare har det vore vanleg at langtidsprogrammet gjeld for 4 eller 6 år (dei siste tre programma har vore for 4 år om gangen). Utvalet ser at organisasjonen treng eit skikkeleg løft. Det kan vere naudsynt å kunne tenkje enno lenger fram i tid enn før for å verkeleg kunne bygge nye møteplassar i organisasjonen, og møte dei nye endringane i organisasjonen som trengs. Ved å sette 2030, altså at programmet skal gjelde for 8 år, vil me kunne jobbe langsiktig og samstundes inkludere både NORDLEK og BARNLEK som skal arrangerast av NU i Noreg i høvesvis 2024 og 2029.

Utvalet har òg kome med fem tema dei ønskjer å bygge programmet rundt: Dra i lag, Rom for kultur, Fagleg kompetanse, Ein skule i demokrati og Møteplassar. Desse er skildra i vedlegget. Det er eit ønskje frå utvalet om å kunne knyte alle innspela til minst eitt av desse fem temaa, eventuelt til andre tema som blir foreslått.

Tidslinje:

- Oktober – januar: Lokallagsbesøk / innspelsmøte (sjå vedlagt kalender)
- 16. januar: Frist for medlemmar, lokallag og fylkeslag å kome med innspel i første runde.
- 22. januar: Utvalet har sitt siste møte.
- 24. januar: Framlegget frå utvalet sendast på høyring.
- 25. februar: Frist for å kome med høyringssvar til styret.
- 22. mars: Styrets framlegg sendast ut saman med landsmøtepapira.
- 22.-24. april: Landsmøtet



Vedlegg 1: Tema for langtidsprogrammet

Tema 1: Dra i lag

Det er tid for å bygge ein sterkare og meir samansveisa organisasjon. Ein organisasjon der alle heier på kvarandre, føler seg inkludert og «drar i lag».

Tema 2: Rom for kultur

For at me skal kunne samle oss til dans, framsyningars, kaffidrøs, galskap, spetakkel og moro treng me alle ein stad å vere. Eit rom for kultur. Særmerket ved organisasjonen vår er alle ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa; dei kulturelle ballbingane våre.

Tema 3: Fagleg kompetanse

Den største identitetsberaren for dei fleste medlemmar i NU er aktiviteten dei driv med i laget sitt. I NU har me eit mangfald av aktivitetar, og det meste fell inn under den store paraplyen *levande lokalkultur*. Det er likevel to særskilde fagfelt som skil seg ut, både i medlemsmassen og historikk: amatørteater og folkedans.

Tema 4: Ein skule i demokrati

Grunnmuren i eit velfungerande demokrati er eit opplyst folk, og eit demokratisk oppbygd sivilsamfunn. Folkeopplysning, opplæring og utdanning har vore sentrale mantra i NU til alle tider. Ved å bygge gode tillitsvalde i organisasjonen, bygger me samtidig opp under det demokratiske Noreg.

Tema 5: Møteplassar

For at ein organisasjon skal kunne dra i lag, drive godt fagleg arbeid og skape gode opplæringsarenaer er det viktig med møteplassar og møtepunkt. Det skjer noko med mennesket i møte med andre, og denne kreativiteten og skapargleda er grunnleggande nødvendig for ei sunn organisasjonsutvikling.



Vedlegg 2: Lokallagsbesøk / innspelsmøte

Lokallagsbesøk / innspelsmøte			
Stad	Dato	Møteleiarar	
Digitale møter	Datoar vil bli annonsert seinare	Kontoret	
Stavanger	9. og 10. oktober	Torbjørn og Nina	Gjennomført
Bergen	24. oktober	Torbjørn, Tone og Marit	Gjennomført
Steinkjer	12. - 14. november	Torbjørn og Bjørn Arve	
Oslo	15. november	Terje og Torbjørn	
Kristiansand	26. november	Nina	
Trondheim	6. desember	Bjørn Arve og Kai Roger	
Arendal	11. desember	Nina	
Sogndal	8. - 9. januar	Tone og Marit	
Tromsø	15. januar	Irene og kontoret	Finnmark deltek her
Ålesund/Molde	15. eller 16. januar	Torbjørn og Nina	

Det vil bli halde møter der stad og tidspunkt for dei enkelte møta vil bli annonsert seinare.
Det er også planlagt å halde møte i Porsgrunn, Bodø og Lillehammer/Gjøvik og dato for
desse vil bli annonsert seinare.